

## **Innspel til Kultur- og kyrkjedepartementet sitt arbeid med stortingsmelding om Kultur og Næring**

### **Bakgrunn**

Kultur- og kyrkjedepartementet ber fylkeskommunane om å gje innspel til det komande arbeidet med ei stortingsmelding om kultur og næring. Departementet ønskjer seg konkrete innspel knytt til desse tema:

- Synspunkt på kva stortingsmeldinga bør innehalde, inkludert synspunkt på verkemiddelbruken
- Utfordringar og moglegheiter for kulturliv, næringsliv og det offentlege som følgje av nærare kontakt mellom kultur- og næringsinteresser i samanhengar som nemnd ovanfor
- Innspel knytte til kultur- og næringsrelaterte satsingar som kan høve som døme i meldinga

Vi har vurdert punkta ovanfor, og ønskjer å gje denne førebelse tilbakemeldinga til departementet.

### **Kva bør stortingsmeldinga innehalde og kva verkemiddel høver seg**

Departementet har sjølv langt på veg disponert Stortingsmeldinga i den korte førespurnaden til fylkeskommunane om innspel. Etter vårt syn kan det gjerne supplerast noko, slik at innhaldet omhandlar i alle høve desse områda:

- a) Oversikt tema – perspektiv og tidligare arbeid med omsyn til utgreiingar og politikk.
- b) Kven har kultur som næring i Noreg – og evt. ”nye” kulturelaterte næringsområde. Definisjonar og klargjering av kvanta næring/økonomi.
- c) Kven er dei næring for, og kven/kvar er kundane?
- d) Kultur som verkemiddel i konstitusjon av identitet og mangfald (eks urbanitet/bygdeliv etc) som føresetnad for anna økonomisk verksemd.
- e) Korleis leggje til rette for profesjonalitet i kulturnæringane?
- f) Korleis stimulere kulturmarknaden?

Verkemidlane bør i stor grad rettast inn mot punkta e) og f) ovanfor, men gjerne knytt til stimulering av nye produksjonssystem og til nye marknadssegment.

### **Utfordringar og moglegheiter for kulturliv, næringsliv og det offentlege**

Ein enkel veg å møte spørsmålet om kultur og næring kan være å kartlegge dei profesjonelle kulturaktørane, og deretter leggje til rette for styrking av arbeidstilhøve, produktkvalitet samt nærare definerte sider ved marknad og grunnlag for inntening. Dette vil vere ei relativt avgrensa løysing, som langt på veg vil svare på oppgåva som er gitt. For grunnfjellet i arbeidet med kultur og næring, dei profesjonelle kunstnarane, vil ei slik stortingsmelding kunne vere svært viktig.

Sett i eit større perspektiv, er dei store utfordringane og moglegheitene for kulturliv, næringsliv og det offentlege å fange den ofte noko uklære dynamikken mellom det definerte profesjonelle kunstnarlivet og andre sektorar, det definerte publikum og befolkninga elles.

Det er ei utfordring korleis ein kan forstå verkeområde og utstrekning av eit kulturelt uttrykk, som gjerne strekker seg frå kassagitararen på ”guterommet” gjennom ei kommersialisering inn til oss via radioen vi har ståande på kjøkkenbordet, utan at vi av den grunn definerer oss som publikum, men definitivt vert del av ein marknad. Likeeins må vi reise spørsmål om og korleis ein kan forstå dynamikken i det som gjerne kan nemnast som ”kulturelle sysselsettingssystem”, det settet av definerte relasjonar som vert aktivisert for at eit kulturelt uttrykk kan nå fram til forbrukaren. Kven inngår i slike system, i kva samanhengar utgjer dei eit ”næringskluster” og korleis er dynamikken i etablering, vedlikehald og avskalling av medverknad i slike? Vidare er det ei stor utfordring å klargjere korleis ein ikkje berre skal stimulere dugleik i å produsere eit kulturelt uttrykk, men at ein føresetnad for marknad er at kundane/forbrukarane har forbrukardugleik (consumption skills) som både gjer dei i stand til å gjere seg nytte av og å ha glede av det kulturelle uttrykket. I desse spørsmåla er det ingen tvil om at så vel skuleverk som det friviljuge kulturlivet har ei vesentleg rolle i gå gje slik dugleik til eksisterande og potensielle marknadsaktørar.

I den grad kultursektoren kan medverke til regional utvikling, busetnad og næringsliv i utkanstrok, vert det gjerne peika på kulturtradisjonar som uttrykk for identitet. Dessutan vert det peika på at her er det stader med særleg kulturhistorisk interesse, lokale kulturelle uttrykk (spel, tradisjonar innan mat, handverk etc) som tilreisande vil vere interessert i, og som det dermed kan skapast ein marknad for.

Det er ei utfordring å definere den økonomiske ”gehalten” i desse verdiane, gjerne gjennom å definere korleis slike kulturelle verdiar inngår i ein breiare samanheng som gjer mening for viljen til å bu og satse også økonomisk i eit område. Truleg er det kombinasjonen mellom det kulturelle identitetsuttrykket og potensialet for næring i tilknytning til lokale tradisjonar som er det reelle vekstpotensialet.

Dei offentlege som styresmakt kan med tilgjengelege verkemidlar berre i avgrensa grad styre utviklinga innan dei felte som er nemnt ovanfor. Likevel vil det vere viktig om stortingsmeldinga kunne klargjere viktige forhold omkring til dette, for slik å stimulere til ei mogleg samordning av ressursar og innsats.

### **Innspel knytte til kultur- og næringsrelaterte satsingar:**

Vi vil først peike på eit kulturellt næringsområde som vi meiner bør få ein sentral plass i meldinga:

#### *Kulturlandskap som næring.*

Det er ei aukande bekymring for at det norske kulturlandskapet gror att og forfell, og ei aukande forståing for at det må setjast inn tiltak for å hindre denne utviklinga. Mellom anna er reiselivsnæringa bekymra for at dette kan forringa næringa sine tilbod, i og med at den norske naturen og kulturlandskapet er eit av deira viktigaste produkt. Det norske kulturlandskapet har og ein rolle som identitetsbyggjande faktor for nordmenn generelt. Mange av våre viktigaste kulturminne er ein del av dette landskapet.

Kulturlandskapet er, som namnet seier, eit kulturprodukt. Det er samstundes eit produkt av næringslivet. Med omskifte i næringane, endrar og kulturlandskapet seg. Det er vel inga næring der verknaden er så tydeleg som i landbruksnæringa. Med endra økonomiske vilkår, vert fleire og fleire gardsbruk lagde ned, og kulturlandskapet gror til med skog. Dersom vi framleis ønskjer eit variert kulturlandskap i Noreg, må det altså leggjast til rette for at dette kan oppretthaldast ved hjelp av alternative næringar. Frå ein landbrukspolitisk ståstad kan det tenkjast andre løysingar, men frå ein kulturpolitisk ståstad er det naturleg å peike på at fokus

må dreiest over frå tradisjonell landbruksnæring til kulturnæring, og til jordeigaren si rolle som kulturarbeidar. Ein effekt av dette kan verta at jordeigaren aukar merksemda på ivaretaking av dei enkelte kulturelement i landskapet, så som historiske bygningar, arkeologiske funn, og menneskeskapte installasjonar i landskapet i det heile.

Jordeigaren vil neppe i framtida vil ta vare på verdiane i kulturlandskapet utan at han/ho ser eit næringspotensiale i det. Sett i eit slikt perspektiv er det vel få område der samanhengen mellom kultur og næring er så tydeleg som når vi talar om verdiane i kulturlandskapet. Eitt tema i Stortingsmeldinga bør difor vera kulturlandskap og næring - strategiar og målretting av ressursar og verkemiddel.

### **Satsingar som kan høve som døme i meldinga:**

#### **NAVE Nortrail/Nordsjøløypa**

Dei fire Vestlandfylka arbeider i prosjektet NAVE Nortrail saman med 22 andre Nordsjøregionar i Europa om konkrete tiltak for å medverke til berekraftig økonomisk utvikling basert på miljøvenleg turisme, friluftsliv og auka kunnskap om kultur- og natur i dei aktuelle områda. Prosjektet vart initiert av Hordaland fylkeskommune, Kulturlandskapsenteret, er del av EU Interreg IIIb og er finansiert for åra 2003 – 2006.

NAVE Nortrail arbeider no i 2004 særleg med å forme strategiar og tiltak der ein nyttar regional innsats og kompetanse innan kultur- og miljø som ressurs for lokal næringsutvikling

#### *Kultur/natur med næringspotensiale*

Eit viktig utgangspunkt for arbeidet med NAVE Nortrail er trua på at eit tilbod der friluftsliv (turstiar) vert kombinert med framifrå natur- og kulturhistoriske opplevingar har eit stort potensiale for lokal og regional næringsutvikling i kystområda på Vestlandet. Ved å fokusere på kulturlandskap, naturoppleving og friluftsliv i samheng med informasjon om kulturhistoria, vil ein kunne framheve nokre av dei flottaste sidene som kystområda på Vestlandet har på ein ny og forsterka måte. På dette viset voner ein gjennom arbeidet med NAVE Nortrail å kunne utvikle eit nytt og forsterka grep på kulturbasert næringsutvikling.

#### *Viktig å registrere kven som driv næring*

Gjennom NAVE Nortrail har dei norske deltakarfylka arbeidd fram ei registrering av næringsverksemdar med relevans for servicetilbod m.m. for dei som nyttar dei kystnære turstiane. Vidare har ein laga oversyn over dei initiativa og prosjekta der kulturminne og naturopplevingar vert nytta som ressurs i arbeid med næringsutvikling.

#### *Kopling av ressursar og perspektiv*

Det er ikkje slik at kultursatsing automatisk er grunnlag for auka næringsverksemd. Og innan arbeidet med NAVE Nortrail i kyststroka langs Vestlandskysten handlar det i stor grad om småskala satsing for ikkje urbane stork. Slik sett er oppgåva kanskje i like stor grad å framheve natur- og kulturmiljøa som del av dei samla ressursane som er i dei aktuelle lokalmiljøa, for slik å styrke den heilskaplege plattformen for lokal- og regional utvikling. Men ved systematisk å kople utvalde natur- og kulturressursar til eit friluftstilbod (Nortrail stiane), representerer satsinga innan NAVE Nortrail høve til å skape eit ”produkt” som vil kunne verte etterspurd så vel i heile Nordsjøområdet som i dei einskilde lokalmiljøa.

Ei kulturbasert produktutvikling med næringspotensiale er ei av hovudmålsettingane med NAVE Nortrail. Drøftingar mellom dei norske fylka i prosjektet har ført til fleire gode framlegg til korleis ein kan samarbeide om å oppnå konkrete resultat. Dette arbeidet vil stå i fokus i det komande året. Fylka utvekslar gode idear, og etterkvart ser ein at idear frå eit fylke finn feste også hos andre. Slik er prosjektet i ferd med å verte eit verktøy i arbeidet med felles regionale strategiar innan desse temaområda.

#### *Reiseliv er viktig som del av eit større spekter*

Når ein koplar natur- og kulturhistorie med næringsutvikling står reiselivsnæringa nært som hovudinnfallsvinkel. Slik er det også i NAVE Nortrail. Det tyder likevel ikkje at all satsing treng kanaliseras til typiske reiselivsverksemdar, og det tyder ikkje at aktuelle varer og tenester berre skal rettast inn mot tilreisande. Like viktig er det å sjå på heile spekteret av produkt som vert utvikla i eit område, og vurdere potensielle marknader både innanfor og utanfor lokalsamfunna. Dei prosjekta som let seg utvikle i møte mellom kultur og næring, kan i denne samanhengen vere retta mot heile spekteret frå lokale mat tradisjonar, særlege handverk, verksemd knytt til eit museum eller anna publikumstilbod, særlege overnattingsstader i lokalmiljøa, guida turar, utleige osv.

Felles for denne tilnærminga er a) geografisk lokalisert forankring (lokalt/regionalt) b) krav til presentasjon av kulturhistorisk samheng på produkta (gammal som ny) og c) at tilverknad primært er småskala basert (relativt sett). I tråd med dei overordna føringane i det produktet ein utviklar, skal dessutan både produksjon og produkt strekke seg etter å vere bærekraftig. Med dette som utgangspunkt har Vestland fylke delteke i ei drøfting av konkrete tema og tiltak.

#### *Utvalde tema for arbeid med kultur, miljø og lokal næringsutvikling*

Basert på dei røynslene som fylka på Vestlandet alt har med kulturbasert næringsutvikling i kyststroka, arbeider ein i NAVE Nortrail med å definere eit utval tema for den vidare innsatsen. Drøftingane er ikkje avslutta, og vil halde fram også etter summaren ettersom ein ynskjer å trekke med konkrete røynsler frå pågåande prosjekt.

##### *1) Særlege interessante stader for overnatting i kystlandskapet*

Ein har dei seinare åra set døme på korleis gjestehus og hotell tilbod vert utvikla i "dialog" med lokale kulturmiljø. Arbeidet med kulturhotell i Sogndalstrand, Rogaland er eit slikt døme, slik også opprusting av dei gamle handels- og gjestegjevarstadane langs kysten er det. Dette er sjølvstøtt privat initiativ, men ved å setje slike inn i ein breiare samheng med fokus på natur- og kulturhistorie, vil ein kunne styrke grunnlaget for ei slik satsing.

##### *2) Mat – tradisjonar og ny bruk av klassiske råvarer*

Uavhengig av NAVE Nortrail arbeider dei fleste fylka med mattradisjonar, og då gjerne gardsmat. Den seinare tid har meir kysttilknyta mat også kome i fokus. Hordaland har t.d. nokre år arbeidd med prosjekta Bærekraftig Næringsutvikling i Lokalsamfunna og Norsk Tradisjonsfisk, og har i 2004 tatt røynslene herfrå inn i prosjektet "Smak av Nordsjøløypa", som vert kopla til NAVE Nortrail. I Møre og Romsdal arbeider ein med eit tilsvarande initiativ, gjennom eit prosjekt med fokus på Fiskarbonden og mat.

##### *3) Fyr – fyra som ressurs i regional utvikling*

Fyrstasjonane langs kysten er av stor interesse også i eit næringsperspektiv. Gjennom NAVE Nortrail har fylka etablert ein dialog på tvers av fylkesgrensene, og også med

Kystdirektoratet, med resultat at ein no vurderer å etabler eit pilotprosjekt med vekt på a) økonomisk drift knytt til fyrstasjonar b) opplevingar av ulike slag og c) kulturminnevern.

#### 4) Natur/kulturlos

Det å ha forteljingar og folk ("losar") som kan fortelje gode historier om naturtilhøve og kulturtradisjonar er ein viktig ressurs for arbeidet med kulturbasert næringsutvikling. Målgrupper er tilsette i servicenæringar og andre som møter tilreisande når dei nyttar stiane i kystlandskapet. I Hordaland og i Rogaland er det teke initiativ til slike kurs for "losar" som har vorte vel motteke.

#### 5) Øy hopping

Ideen med ein felles billett for reise og opphald til fleire stader er ikkje ny, og selskapet Fjord 1 har t.d. prøvd ut eit slikt tilbod i ytre Sogn. Kanskje kan satsinga på turstiar, kulturnettverk og brei informasjon om kultur- og naturtilhøve vere den innsatsen som nettopp gjev "Øyhopping" til ein særleg merkevare også på Vestlandskysten.

#### *Arbeidet innan NAVE Nortrail held fram*

NAVE Nortrail skal halde fram til utgangen av 2006, som eit breitt internasjonalt samarbeid med mange impulsar og som et samarbeid på Vestlandet. Kulturbasert Næringsutvikling vil stå i fokus, og ein vil søkje å nytte prosjektet som verktøy for strategiske val som både kan styrke arbeidet med kulturtradisjonar, friluftsliv og næringsutvikling i lokalsamfunna langs kysten.